



1. Generelt

SKRIV TYDELEG INNANFOR RAMMENE. BRUK BLOKKBOKSTAVAR. Bruk berre blå eller svart penn

- Teikne avtale
 Legge til bilnummer
 Endre avtaletype
 Endre bilnummer
 Endre adresse
 Seie opp avtalen
 Bytte/Erstatte brikk

Etternamn (Firmanamn for firmakunde)

Fornamn (Kontaktperson for firmakunde)

Adresse (Fyll ut ny adresse her ved adresse-ending)

Postnr

Poststad

Land

E-post

Tlf. dagtid

Fødselsdato (6 siffer: DDMMAA) (Org. nr (9 siffer))

Bankkontonummer (For evt. refusjon ved avtaleendring og oppseiing)

2. Gjeld for (bilnr. 1)

Nytt bilnummer

Bilmerke

Startdato (Avtale / Endring skal gjelde frå dato)

Lett bil Maks tillaten totalvekt t.o.m 3500kg

Tung bil Maks tillaten totalvekt f.o.m 3501kg

Gammelt bilnummer (ved endring)

Annen nasjonalitet

- Norsk Dansk
 Svensk Finsk

Kort brikkenummer på forma xx xxxxxx x (tallene etter L:)

L:

Langt brikkenummer

3. Gjeld for (bilnr. 2)

Nytt bilnummer

Bilmerke

Startdato (Avtale / Endring skal gjelde frå dato)

Dag Mnd År

Lett bil Maks tillaten totalvekt t.o.m 3500kg

Tung bil Maks tillaten totalvekt f.o.m 3501kg

Gammelt bilnummer (ved endring)

Annen nasjonalitet

- Norsk Dansk
 Svensk Finsk

Kort brikkenummer på forma xx xxxxxx x (tallene etter L:)

L:

Langt brikkenummer

4. Avtaletype

(For gjeldande takster sjå www.halsnoysambandet.no)

- Privat avtale** (inntil 2 køyretøy)
 Firmaavtale (Legg ved eiga liste for meir enn 2 køyretøy.)
 Forskot 30% rabatt
 Etterskot 40% rabatt (avtaledepositum kjem i tillegg)
 Forskot 40% rabatt

Kundenummer / Avtalenummer (viss kjent)

5. Fritaksavtale

(må dokumenteres)

- El-bil/Hydrogenbil
 Utrykningskøyretøy
 Buss i konsesjonert rute
 Rørslehemma (Gjeld berre bomringer)

6. Sletting av data

- Eg ønskjer at opplysningar om mine passeringar skal slettast straks dei er belasta avtalen. Eg er innforstått med at eg då ikkje kan krevje detaljer for mine passeringar ved evt. klage. (sjå rettleiing)

7. Årsak til bytte/erstatning av brikk

- Brikk stolen / tapt
 Brikk verkar ikkje / øydelagt
 Brikk har dårleg batteri

Underskrifter

Eg aksepterer hermed Generelle og Spesielle avtalevilkår, samt Rettleiing som er vedlagt avtalen.

Underskriftdato

Dag Mnd År

Stad

Kunden sin signatur

Skal fyllast ut av bomselskap / forhandlar

Avtaledato

Dag Mnd År

Forhandlarnummer

Forhandlarsignatur

Forhandlarstempel

Generelle Vilkår

1. Innleiande vedtekter

1.1 Finnfast AS gir Kunden rett til å nytte AutoPASS-brikka (Brikka) i alle bompengeanlegg eller andre transportrelaterede tenester (Anlegg) knytt til AutoPASS-avtalen (Avtalen). Brikka blir utlevert av brikkeutskrivnar (Utskrivar) eller forhandlar.

1.2 Avtalen inkluderer Generelle vilkår, Lokale vilkår, Avtale- skjema og Rettleiing. Ved motstrid gjeld ovannemnde rekkefølge.

1.3 Kunden aksepterer dei vilkår som følgjer av Avtalen.

1.4 Kunden er sjølv ansvarleg for å halde seg oppdatert om kva for nokre Anlegg som er knytt til Avtalen. Informasjon kan ein få på **www.autopass.no** eller **telefon 02012**.

1.5 Kunden sitt bruk av Anlegg som er knytt til Avtalen, blir belasta Avtalen.

1.6 Finnfast AS har rett til å belasta Avtalen for bruk av Brikka i andre Anlegg knytt til Avtalen dersom Kunden ikkje har reservert seg mot dette (jf. Avtaleskjema). Finnfast AS er betalingsformidlar.

2. Avtaleperiode

2.1 Avtalen er gyldig frå den startdato som er angitt i Avtalen, tidlegast frå dato for underskrifta til Finnfast AS sin forhandlar.

2.2 Avtalen er gyldig inntil ein av partane skriftleg seier opp Avtalen eller at Brikka blir returnert.

3. Kunden sitt ansvar

3.1 Dei ulike typar avtaler og betalingsordningar ein kan teikne, framgår av Avtaleskjemaet framme. Finnfast AS sine takstar samt depositum for Brikka blir fastsett av offentlege styresmakter, og framgår av separat prisoversikt. Ved bruk av Brikka i dei andre Anlegga som Avtalen omfattar, skal det betalast gjeldande takst i det enkelte anlegg.

3.2 Kunden er ansvarleg for at opplysningar som er gitt i Avtaleskjemaet er korrekte.

3.3 Retten til bruk av Brikka føreset rettidig handsaming av krav frå Finnfast AS.

3.4 Kunden kan ikkje nytte Brikka i andre motorvogner enn det som er angitt i denne Avtalen.

3.5 Passeringar skal skje i felt merka med AutoPASS eller felt for elektronisk lesing.

3.6 Montering og bruk av Brikka skal skje i samsvar med instruksjonar gitt av Finnfast AS.

3.7 Kunden skal melde ein kvar endring i køyretøydata, innan tre yrkedagar etter at slik endring har skjedd. Slike endringar skal imidlertid ikkje skje hyppigare enn kvar tredje dag.

3.8 Verken Avtalen eller Brikka kan overførast til andre.

3.9 Kunden er betalingsansvarleg for bruk av Brikka hjå kvar Operatør knytt til AutoPASS-tenesta fram til retur eller meddelt tap av Brikka uansett om han sjølv nyttar eller lar andre nytte Brikka.

4. Finnfast AS sine plikter

4.1 Når Avtalen er akseptert skal Kunden betale depositum og motta ei Brikke, dersom Kunden ikkje har slik Brikke frå før.

4.2 Finnfast AS skal tilby Kunden informasjon vedrørande AutoPASS-tenesta og bruk av denne.

4.3 Det blir gitt grønt eller ikkje noko lyssignal ved godkjent passering. Gult lys blir gitt ved ubetalt /ugyldig avtale, manglande brikke, feil på brikke eller feilaktig montering, og utløyser automatisk videofotografering. Kvitt lys varslar godkjent passering, men at innbetalt forskot snart er oppbrukt. For vidare bruk av tenesta må ny faktura betalast eller trekk på Kundens konto bli gjort av Finnfast AS. I automatiske stasjoner kan andre lyssignal inntreffe (sjå Spesielle vilkår)

4.4 Dersom Finnfast AS gjer feil ved registrering av køyretøydata kan Kunden krevje Finnfast AS for dekning av feilaktig betalt krav.

5. Tilleggsavgift og misleghald

5.1 Brot på Avtalen kan medføre tilleggsavgift for Kunden.

5.2 Klage på tilleggsavgift skal alltid rettast skriftleg til det selskap som har skrive ut tilleggsavgifta.

5.3 Dersom Kunden gir feil opplysningar om køyretøydata slik at Finnfast AS blir påført tap, kan Kunden etterskotskrevjast for det tap Finnfast AS er påført.

5.4 Finnfast AS har rett til å heve Avtalen dersom Kunden vesentleg mislegheld dei plikter som følgjer av Avtalen.

6. Tap, skade eller tjuveri av Brikka

6.1 Kunden er ansvarleg for all oppbevaring og bruk av Brikka. Ved tap, skade eller tjuveri blir ikkje depositumet refundert.

6.2 Kunden er ikkje betalingsansvarleg for bruk av Brikka dersom Brikka eller køyretøyet er tatt frå Kunden ved tjuveri. Dette føreset at Kunden ikkje var uaktsam ved oppbevaring av Brikka samt at forholdet blir anmeldt.

7. Oppseiing av Avtalen

7.1 Kunden har til ei kvar tid rett til skriftleg å seie opp Avtalen med Finnfast AS.

7.2 Avtalen kan overførast til ein annen Utskrivar når bompengeprojektet er nedbetalt.

7.3 Ved oppseiing vil unytta, innbetalt forskot bli refundert Kunden, i henhold til Spesielle avtalevilkår.

8. Endringar i Avtalen

8.1 Finnfast AS kan foreta mindre endringar i Avtalen. Gjeldande versjon av Avtalen finn ein på www.finnfast.com, hjå Finnfast AS og hos Finnfast AS sine forhandlarar. Vesentlege endringar skal kunngjerast eller sendast skriftleg til Kunden. Nemnde endringar trer i kraft ved første etterfølgjande betaling av faktura, eventuelt trekk på Kunden sin konto hos Finnfast AS.

8.2 Endringar i avtaleperioden vil berre kunne skje som følgje av politiske styresmakter sine vedtak eller andre ekstraordinære forhold utanfor Finnfast AS sin kontroll. Slike endringar vil kunngjerast seinast 4 veker før endringa trer i kraft. Endring av takstar og andre priser blir annonsert i samsvar med vedtak gitt av Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen.

9. Personvern

9.1 All bruk av Brikka vil bli registrert i samband med betalingskontroll, framstilling av anonymisert statistikk, og eventuelle opplysningar til Kunden. Registreringa skjer i tråd med personopplysningslova sine vedtekter.

9.2 Brikka kan nyttast for anonymisert datainnsamling. Dette skal utførast utan at personopplysningar blir handsama.

9.3 Nærare informasjon om handsaming av opplysningar om Kunden, kan ein få ved å kontakte Finnfast AS. Opplysningar om Kunden blir nytta berre til å administrere AutoPASS-tenestene. Opplysningane om Kunden kan bli utlevert til operatørar av AutoPASS-tenestene.

9.4 Opplysningar om kvar enkel AutoPASS-passering blir sletta så raskt som mogeleg etter at faktura er betalt. Ved tvist om betalingsplikta blir opplysningane oppbevart inntil kravet er gjort opp eller rettsleg avgjort.

10. Kommunikasjon

10.1 Førespurnader frå Kunden til Finnfast AS vedrørande Avtalen, Brikka mv. skal sendast skriftleg pr. brev, telefaks eller e-post til adressa som er oppgitt på Avtaleskjemaet.

10.2 Med mindre anna er omtala i Avtalen skal meldingar frå Finnfast AS til Kunden vedrørande Avtalen sendes pr. post eller e-post til adressa oppgitt i Avtaleskjemaet. Meldingar kan også inkluderast i fakturautsendingar og eventuelle purringar.

10.3 Reklamasjon på belastning av passeringar må framsettast seinast 30 dagar frå det tidspunkt då Kunden fekk kunnskap om belastninga. For passeringar i utlandet må reklamasjon skje seinast 60 dagar etter passering. Rettslege tvistar vedrørande reklamasjon skal avgjerast ved domstolen der Operatøren har si adresse.

Spesielle avtalevilkår

Finnfast

Finnfast AS

1. Avtalen sitt omfang

1.1 Privatpersonar kan registrere maksimum to bilar pr. avtale. Ein krev éi brikke pr. bil og det må betalast kr 200 i depositum pr. brikke.

1.2 Firma kan registrere så mange bilar dei ønskjer på ein avtale, så framt at køyretøyet er registrert på same gyldige organisasjonsnummer. Depositumsbeløp fastsettes til kr.15.000,- for liten bil og kr 50.000,- for store køyretøy.

1.3 Ein krev éi brikke pr. bil og det må betalast kr 200 i depositum pr. brikke.

1.4 AutoPASS-brikka er i seg sjølv ikkje eit bevis for gyldig avtale. Betalt faktura og korrekt montert elektronisk brikke gir rett til rabattert passering av Finnfast.

1.5 Passeringar som framleis står ubetalt etter varsling kan bli ilagt tilleggsavgift i samsvar med forskrifter godkjent av Samferdselsdepartementet.

1.6 Det skal betalast bomavgift i begge retningar, heile døgnet, alle dagar.

2. Faktura og avregning

2.1 Det blir sendt faktura for den eller dei rabattsatsane som er kryssa av for i avtalen, samt eventuelt brikkedepositum. Forskotsbeløpet blir rekna ut frå høgaste registrerte takstgruppe.

2.2 Ved forskotsavtale skal passeringar skal være førehandsbetalte. Ikkje motteken faktura eller varsel fritar ikkje kunden frå plikta til å sørge for at avtalen er gyldig ved passering av bomstasjonen.

2.3 Passeringar blir avrekna fortløpande med den rabattsats som er valt i avtaletype tilknytta avtalen.

2.4 Ny faktura sendes når det er ca. 25% igjen av forskotsbeløp for den rabattsats som er valt i avtaletype.

2.5 Ved etterskotsavtale sendes det etterskotsfaktura for de passeringane som er føreteke innanfor ein periode, samt eventuelt brikkedepositum.

3. Endring i avtale

3.1 Kunden er ansvarleg for at dei opplysningane som er gitt i avtaledokumentet er korrekte. Alle endringar i avtalen, slik som byte/sal av bil, avtaletype eller adresse, skal meldast skriftleg til Finnfast AS.

3.2 Kunden er ansvarleg for å fjerne brikka ved sal eller avhending av køyretøyet. Brikka kan då bli overført til nytt køyretøy eller kan returnerast Finnfast AS for sletting av informasjon.

3.3 Det er ikkje høve til å overdra avtalen til andre personar eller selskap.

3.4 Kunden er til ei kvar tid ansvarleg for bruken av den utleverte brikka og plikter å gi melding til Finnfast AS snarast dersom ein mister brikka eller den blir stolen.

4. Refusjonar

4.1 Det beløpet som står att av innbetalt forskot blir refundert ved oppseiing av avtale. Depositum blir refundert for uskada AutoPASS-brikke. Dersom kontonummer ikkje er oppgitt i avtalen, vil beløpet gå til den konto som forskotsbeløpet sist blei betalt frå. Lågaste beløp som blir refundert er kr 50,-.

5. Lyssignal

5.1 Grønt lys betyr gyldig passering.

5.2 Kvitt lys betyr gyldig passering, men varslar også om at forskotsbeløpet snart er oppbrukt og at ny faktura er undervegs.

5.3 Manglande lys kan skuldast at avregningssaldo er null. Saldo blir opplyst på www.finnfast.com. Ved feil på brikka må Finnfast AS kontaktast.

6. Takstar

6.1 Kundens saldo blir belasta med den pris som berekna utifrå dei til ei kvar tid gjeldande takstar.

6.2 For gjeldande takstar for Finnfast og sjå www.finnfast.com.



Rettleiing

til utfylling av AutoPASS-avtalen med Finnfast AS.

Du kan og foreta nyteikning og endringar via internett: www.finnfast.com

Skriv tydeleg innanfor rammene med **blokkbokstavar**. Bruk svart eller blå penn.

Avtalen vert lesen automatisk, skriv difor ikkje utanom boksane.

Kva inneber AutoPASS-avtalen?

Med AutoPASS-avtalen kan du nytte alle AutoPASS-anlegg i Norge, samt Øresundsbrua og Storebælt, men det er berre nødvendig med avtale med eit selskap, det selskapet du har fått brikka frå. Du kan velje at avtalen berre skal gjelde for Finnfast.

- **Du skal berre ha éi brikke i bilen.**
- **Du får berre rabatt hos det selskapet du har avtale med, samt i enkelte andre selskap.**
- **Ønskjer du rabatt i fleire AutoPASS-anlegg må du inngå tilleggsavtale med det enkelte selskap**
- **Ikkje ta ned AutoPASS-brikka di ved passering i automatiske stasjonar. Avtalen din blir uansett belasta på grunnlag av det bildet som då blir tatt av registreringsnummeret på bilen.**

1. Generelt

- Du kan krysse av i fleire boksar for å gjere fleire endringar på same skjema.
- Alle felt under Generelt skal fyllast ut!
- Det er **rekningsmottakar** sitt namn og si adresse som skal fyllast ut.
- Firmakundar fyller ut organisasjonsnummer i staden for fødselsdato.
- Kontonummer blir brukt for eventuell refusjon av depositum for brikke, ved endring av avtaletype, samt ved oppseiing. Viss kontonummer ikkje er oppgitt, vil refusjon gå til det kontonummer avtalen sist blei betalt frå.

2. Gjeld for

- Bilnummer skal alltid oppgjevast.
- "Startdato" opplyser om når nyteikning eller endring skal virke frå og med. **Må alltid fyllast ut, og kan ikkje vere før avtaledato.**
- Maks tillate totalvekt skal finnast i vognkortet. Vær merksam på at takstar knytte til køyretøyets lengde blir nytta ved passeringar hjå enkelte andre selskaper.
- "Bilnummer nasjonalitet" skal fyllast ut for utanlandske bilar. "Annen nasjonalitet" fylles eventuelt ut med vanlege landskodar, som for eksempel "GBR", "D", "ESP", "USA".
- Brikker utstedt av Finnfast AS har brikkenummer som begynner på L: 49. Brikkenummeret har 10 siffer og finst på brikka eller siste faktura.

3. Gjeld for

- Som pkt. 2. Skal fyllast ut dersom to køyretøy skal knytast til avtalen.

4. Avtaletype

- Kryss av for ønska avtaletype.
- Privatkundar kan knyte inntil to køyretøy til ein avtale.
- Firmakundar kan knyte ubegrensa med køyretøy til avtalen, på det vilkår at køyretøya er registrert på same gyldige organisasjonsnummer.
- Det må vere ei brikke i kvart køyretøy.

5. Fritaksavtale

- Fritak i bompengeanlegg i Noreg er i samsvar med takstreningslinjer for bompengeprosjekter. Det blir kravd dokumentasjon for fritak. Kunden må sjølv undersøkje fritaksføresegner andre stader enn for Finnfast.

6. Sletting av data

- Ein AutoPASS-avtale, der det er valt sletting av opplysningar om passeringar, inneberer at passeringsdata blir sletta straks passering er belasta ein positiv kundesaldo.
- Etter sletting vil passeringsdata ikkje kunna framskaffast, heller ikkje ved evt. klage.

7. Årsak til bytte av brikke

- Viss brikka er stolen eller fysisk skada må det betalast depositum for ny brikke.
- Byte av brikke som ikkje er fysisk skada / stolen skal avtalast med Finnfast AS på førehand.
- Viss brikka sitt batteri begynner å bli utlada vil du bli bedt om å bytte brikke.

Underskrifter

Avtalen er tidlegast gyldig frå den dato den er levert Finnfast AS eller ein av våre servicestasjonar.